

Aust Agder Sau og Geit
Avlsansvarlig i fylkesstyret
Sven Reiersen
Tlf. 37933457, mob. 90605466
E-post:svenre@online.no

Hornnes, 26. august 2014

Medlemmer i sauekontrollen i Aust Agder

Informasjon før årets kåring

Vi ønsker i år som tidligere å kåre dei beste værlamma for vidare bruk i avl.

- Pga fotråde situasjonen og ny forskrift om flytting av småfe finn vi det rett å kun arrangere gardskåring i år.
- Vi kan kåre værlam av alle raser det kåringsregler for.
- Dette vil sette krav til innmelding på forhånd innan oppsette frister og oppfølging av oppsatt kjørerute for kåringsdommere.
- Vi blir nødt til å be om egne rom med godt lys, eventuelt berge ute og at eigar eller stedfortreder er til stades.

Raser med egne kåringsregler er:

- Kjøtsau (rasekode 11 Texel, 20 Nor-X og 23 Charollais)
- Pelssau (rasekode 12)
- Farga spælsau (rasekode 21)
- Gammalnorsk spælsau (rasekode 16)
- Gammelnorsk sau (villsau) – (rasekode 15)
- Fuglestadbroke sau (rasekode 18)
- Blæset sau (rasekode 19)
- Grå trøndersau (rasekode 17)
- Rygja (rasekode 2)
- Suffolk (rasekode 7)
- Svartfjes (rasekode 9)

Ved spørsmål om kåringsregler kan ein søke på NSG's heimesider, eller ta kontakt med Sven Reiersen eller Maria Fuglestad.

Vil bare minne om nokre rutiner for å ha best mulig grunnlag til kåring.

1. Vi må ha kåring i løpet av to veker og tar sikte på kåring i veke 39, 22 til 26 september, i nedre del av fylket og i veke 40, 29 sept til 2 okt i Bygland, Valle og Bykle.
2. Innrapportering av haustveker så tidlig som mulig, og helst før 18. september. For kåring i veke 40 er det tidsnok innan 25. september.
Då vil O-indeks vere oppdatert til vi starter kåring i veke 39, 22 til 26 okt.
Merk nytt minste krav til kåring: O-indeks 115.
3. Påmelding av kåringskandidater så tidlig som mulig og innan den 19 sept dersom vi skal kåre i veke 39. Innan 26 sept for pulje to.
4. Ha lamma inne, reine og tørre under gode kåringsforhold til kåringsdommerane kjem.
5. Farga spællam som skal kårast må ha rasekode 21.

Kåringsavgifta er kr 120.- pr. kåra lam.
Den vert kravd inn av NSG i etterkant.

Påmelding av lam til:

Marie Fuglestad
Kjørevegen 35
4362 Vigrestad
Mobil 99250396
Marie.fuglestad@lyse.net

Krav til vêrlam som skal O- kårast (NKS, Sjeviot og Spæl)

Generelle krav

Vêrlammet skal vera etter ein kåra far som er O-kåra, ikkje kjøtkåra eller Nor-X-kåra.
Grunnlaget for dømning av vêrlam er den utrekna O-indeksen for dyret sjølv (lamindeksen 2), poeng for kropp, bein, ullkvalitet og ullmengd. Poenga skal summerast til eit "sum kåringspoeng".
Krava til dei einskilde eigenskapane og sum kåringspoeng går fram av tabellen nedanfor.

Eigenskap	Poengskala (berre heile poeng)	Minstekrav for å verte kåra
O-indeks (Lamindeks)	–	115 Endring
Kropp	5 – 10	6
Bein	5 – 10	6
Ullkvalitet	5 – 10	6
Ullmengd	5 – 10	6
Sum kåringspoeng	–	145 Endring

Det er ikkje krav til vektavvik for kåring.
Korrigeringsfaktorer vert ikkje oppgitt.
Kåringsdommeren må ta stilling til om værlammet er utvikla nok til å fungere som avlsdyr.

Dyr av andre raser skal kårast etter egne raseregler.

Kåringsreglane kan også lesast på NSG sine heimesider.
Klikk inn på sau og vidare kåring.

Håper på mange lam til kåring.

Lukke til med lammehausten.

For Aust Agder Sau og Geit
Sven Reiersen